



Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As
Børge Knustad
Postboks 2043 Vika
0125 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5916 - 22/91532

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
30.11.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 220/1 Store Urdal

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 220/1
Tiltakshavar: Oddvar Urdal
Ansvarleg sækjar: Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.08.2022 samt tilleggsinformasjon 01.11.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Me kan ikkje sjå å ha motteke kvittering for at nye nabovarsel er sendt. (som nemnd i e-post sendt 29.11.2022).
2. Delar av arealet som vert søkt frådelt er regulert til LNF formål. Det krevst dispensasjon frå arealformålet for å dele dette frå landbrukseigedomen gbnr 220/1. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) Særleg areal heilt ned til elvekanten på austsida krev god argumentasjon for at det skal gjevast dispensasjon.

Til informasjon krev saka også handsaming etter jordlova. Det er landbrukskontoret i Alver kommune som handsamar slikt. Me sender saka over til landbrukskontoret.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.12.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As Postboks 2043 Vika 0125 OSLO